Klassebilete frå s. 19
Konfirmantane s. 23

9. klasse s. 12
Valfag s. 18

Haldning mot rusgift s. 6
Den mystiske hola s.10

Rektorhjørnet s. 2
Arbeidsveka s. 3

SKULEAVIS FOR LAVIK BARNE- OG UNGDOMSSKULE, NR. 3, 1980. Kr. 10.

Rektor – hjørnet

Eit skuleår lir mot slutten – ein lang og fin (?) sommar står for døra. Alle ser vi fram til sommar og ferie – det har vi lov til. Arbeidet har meir meining når vi ser slutten på det. Men evig ferie er det ingen som ønskjer seg. Ei veksling mellom arbeid og fritid er med og gjev livet vårt variasjon – på same måte som vekslinga mellom årstidene.

For 14 elevar ved Lavik barne- og ungdomsskule markerer slutten av dette skuleåret "ferie" frå den obligatoriske skulegangen. Frå no av kan de meir eller mindre sjølve velje kva de vil gjere. Hittil har somme sett på skulen som eit ork, men likevel trur eg dei fleste søkjer vidare skulegang. Det tyder på at de etter kvart ser at ein del grunnutdanning er turvande i alle yrke.

Skulen er kjedeleg seier somme. Det kan vel ikkje nektast for i somme høve, men livet er ikkje berre morosamt og hyggeleg det heller. Skulen sviktar si oppgåve dersom han gjev elevane det inntrykket. Livet vil setje kvar ein av oss på mange prøver, og heldig er den som då kan greie oppgåver som ikkje er morosame.

Skulen hefter seg med uturvande og unyttige fag, seier somme. Vi får aldri bruk for det vi lærer.

Det kan sjå slik ut i blant, men det de lærer skal vere med å forme personlegdomen til kvar einskild. Å finne det rette å arbeide med til ei kvar tid er vanskeleg, vi har lov å stille spørsmål ved det. Det er heller ikkje lett for nokon i dag å seie kva som kan vere nyttig i framtida. Men det er å vone at den lærdomen de har fått desse 9 åra, kan vere til nytte for dykk seinare i livet.

Eg takkar for tida de har vore elevar ved skulen, de har sett dykkar farge på miljøet her.

Lukke til med vidare skulegang!

Norvald Løland

Arbeidsveka

Arbeidsveka.

8. klasse ved Lavik barne- og ungdomsskule har kvart år ei arbeidsveke, og denne gongen var det vår tur.
Vi stilte oss alle svært positive til å få prøve korleis arbeidslivet er, og til å få fri skulen denne veka.

Dette året valde vi å satse på eit arbeid innan kommunen, men det har og vore vanleg at ein har kunna reist eit stykke vekk.

Interessene innan klassen er tydelegvis svært forskjellige, for mellom anna så vart bondelivet, postyrket og kjøpmannslivet prøvt.

Arbeidstida vart litt annleis enn vi var vande til, og mange meinte at dei måtte stå vel tidleg opp.

Ikkje alle kunne tenkje seg å satse på det arbeidet dei no nadde prøvd, så arbeidsveka var nok svært lærerik.

Postmannen Gunnstein.

Inge prøvde bondeyrket hjå Sverre Myrekrok.

Wenche var i barnehagen i Høyanger.

Her gjeld det å halde orden i sakene. Liv Frøydis var på "nyebua" på Norevik.



Anne Britt likte seg godt på Lavik sjukeheim.



Ingebjørn var på vegstasjonen i Vadheim. Her held han på med reingjering ved hjelp av trykkluft.

Nyebanken vert sikkert fin. Arild var med Martin Hjelmeland der.

Det vart mindre [illegible] på ve[illegible] Norevik - Vadheim etter at Magnar og dei andre vegvaktarane hadde vore der.

Henning var med Olav Aven på røyrleggararbeid rundt i omtrent heile Ytre Sogn. Difor greidde vi ikkje å få teke noko bilete.

HALDNING TIL RUSGIFT

KURS PÅ BREKKESTRANDA PENSJONAT



Her er npkre av kursdeltakarane
på Brekkestranda.

For å prøve å minske alkoholforbruket blant ungdommen, har staten gjeve støtte til NGU (Noregs Godtemplar Ungdomsforbund). NGU brukar desse pengane til å gjennomføre kurs for ungdom. Meininga med desse kursa er å gjere ungdommen merksam på skadane bruk av rusgift medfører. Kurset er lagt opp slik at to eller tre frå kvar 8. klasse møter. Det er kommunestyret som avgjer om elevar frå deire kommune skal vere med. Høyanger kommune er med i denne ordninga. Dei som var med på kurset skal halde eit tre timars foredrag for resten av klassen etter gjennomført kurs.

I Noreg er det 50 - 60000 alkoholikarar og omlag 200000 misbrukarar. Det farlege med dette er at alkohol blir meir og meir vanleg blant ungdommen, heilt ned i 13-årsalderen. Dette gjeld over heile landet, ikkje berre i byane. Kva som gjer at folk drikk, er mykje diskutert. Nokre av grunnane er stress, gruppepress, dårlege familietilhøve og sist, men ikkje minst: alkoholtradisjonen. Mange unge vert og lokka av rusopplevinga.

Tre av leiarane for kurset.

Det er nær samanheng mellom kriminalitet og bruk av rusgift, t.d. promillekøyring og smugling. Ein tredjedel av alle som sit fengsla i Noreg er straffa for promillekøyring. Det skulle vel seie nok sjølv.....

No er ikkje rusgift berre alkohol, men og narkotika. Grunnen til at det er mest snakk om alkohol, er at den er mest utbreidd her i Noreg, og den gjer alt i alt mest skade. Men narkotika er og eit svært stigande problem over heile landet. Med bruk av narkotika er kriminalitet umogeleg å unngå. Sal og bruk av narkotika er forbode. Då ser eg bort frå sovemedisinane.
Ein som er avhengig av heroin treng 1000 kroner kvar dag for å få tak i nok stoff. Då er brot på lova nesten sjølvsagt.

For å hjelpe dei som er avhengige av rusgift, er det mange slag klinikkar. Til dømes tilsynsheim, verneheim, avrusningsstasjonar (tidlegare kalla fyllearresten) og avdelingar ved vanlege sjukehus. Eg trur neppe det er kjekt for nokon å få slik behandling. Er det slik me vil ha det??

Målet for edruskapspolitikken er difor å senke det totale forbruket. For å nå det målet, må det restriksjonar til. Restriksjonar er innskrenkingar på tilgang til noko.
Det må og drivast opplysningsarbeid, spesielt blant ungdom.



Gjennomsnittsforbruket pr. innbyggjar over 15 år, 1850 - 1976.

Etter å ha sett på denne statistikken, kan me lure på kva som vil skje fram til år 2000.

Tabellen til høgre vart sett opp av to kanadiske alkoholforskarar i 1970 for å vise sambandet mellom alkoholskader og forbruk.



No skal me sjå litt på kva slag virkning alkoholen gjev.



Slik ho er.....slik ho trur ho er.

Trine kjem til festen, ho er i godt humør.
Etter dei fyrste flaskene med øl blir ho i mykje betre humør.
Ikkje fordi alkoholen er byrja å virke, men fordi ho ventar at alkoholen skal gjere ho i betre humør.

S.B.

Etter ein halv time har alkoholen byrja å virke. Trine er mykje modigare.



Slik ho er.....slik ho trur ho er.

Etter ei stund med mykje drikking blir Trine merkbart full. Trine er byrja å få dårleg kontroll med rørslene sine.

Slik ho er.....slik ho trur ho er.

Slik ho er.....slik ho trur ho er.

Når Trine kjem opp i to promille byrjar festen å gå opp i limingane. Trine er byrja å snøvle. Ho fortel dei same vitsane opp att heile tida og har ikkje den minste kontroll over rørslene sine. No bør ho ikkje drikke meir, for kroppen har fått nok. Ho vil ta til å kaste opp. Dersom ho då fortset å drikke, vil bedøvelsen av hjernen bli så stor at ho uvitar.

Slik ho er.....slik ho trur ho er.

DEN MYSTISKE HOLA, DEL 2.

Samandrag frå sist.

Anne, Line og resten av klassen er på telt-tur saman med to av lærarane sine, Per og Marit. Ein kveld går Anne og Line tur nede ved stranda. Då får dei auga på eit lys inne i fjellet.....

Dei lista seg nærare. Snart såg dei at det var ein opplyst holeopning. Det var eit bål som lyste der inne. Rundt bålet sat fire-fem karar og prata saman. Line og Anne vart veldig forundra. Dei lista seg heilt nær. No kunne dei tydeleg høyre kva karane sa. Dei snakka om nokre båtar som skulle komme i land her i morgon mellom kl. 2 og 4. Båtane hadde tydelegvis med seg nokre varer til dei. Varene skulle hentast derifrå med lastebil.
Kva kunne det vere desse karane dreiv på med? Var det noko som var ulovleg? Det høyrdest nesten slik ut. Karane ville visst helst at det skulle gå føre seg i det skjulte.
No såg det ut som dei ville sove. Dei tulla nokre teppe rundt seg, og la seg ned på steingolvet.

Då alle karane såg ut til å vere sovna, lista Line og Anne seg heilt inn i hola. Line hadde sett ei bok som låg på golvet. Den skulle ho gjerne hatt tak i. Anne tok boka. Ho klarte nesten ikkje å puste, så redd var ho. Brått snudde ein av karane på seg. Anne stivna til. Han grynta litt før han la seg til å snorke att. Anne og Line pusta letta ut.
Dei sprang bortover stien, og snart var dei borte ved telta. Det var heilt stilt i leiren. Alle dei andre sov, så Line og Anne lista seg bort til sitt eige telt. Der sette dei seg ned og bladde i boka.

"Øy, øy" kom det frå Line. "No er vi sanneleg dumpa borti nokre skumle saker". "Sjå her!" sa Anne. "Her ser du at det er storsmuglarar vi har med å gjøre". Det var rekneskapsboka til smuglarane dei hadde fått tak i.

Inne i boka stod det kva tid båtane skulle losse smuglarvarene, og kvar det var. Det var brennevin dei handla mest med.
No var Anne og Line trøytte, så dei måtte legge seg til å sove, for dei skulle tidleg opp dagen etter.

Tidleg neste morgon kom Per og Marit (lærarane som var med på turen) og vekte dei. Dei hadde ei klokke som dei ringde med. Anne og Line var trøytte. Med det same dei vakna skjøna dei ikkje heilt kvar dei var, men det gjekk snart opp for dei.
Dei bada og kosa seg heile føremiddagen.
Anne og Line var rastlause. Kom aldri kvelden?
Til middag åt dei fisk som nokre av gutane hadde fiska.
Ettermiddagen gjekk litt fortare, for då reiste dei på tur.
Då det lei mot kveld, vart dei så rastlause at dei andre trudde at noko var i vegen. Per spurde om dei lengta heim, men til det svara dei nei.

Då kvelden endeleg kom, heldt Anne og Line seg inne i teltet. Dei fann ut at dei ikkje ville seie noko til dei andre om at dei hadde tenkt seg ut kl. 24 i natt. Det var vel lurast å halde det hemmeleg.
Klokka gjekk, minutt for minutt. Snart var ho elleve, så kvart over elleve, så halv tolv. Endeleg var ho kvart på tolv så dei kunne gå. Dei lista seg bortover den same stien som kvelden før. Det var lysare i kveld, for no var det fullmåne og heilt klårt.
Månen sende eit spøkelsesaktig skjær over tretoppane. Det var ikkje fritt for at dei var litt redde. Dei gjekk nedover til hamna. Brått høyrde dei skritt som kom mot dei. Ute på fjorden kom lyset av ein båt nærare og nærare. No låg heldigvis Anne og Line godt i skjul bak nokre steinar. Derfrå hadde dei god utsikt over det som skjedde.

****

Per låg i teltet sitt og såg opp i taket. Det var som han kjende det på seg at det var noko gale. Han fekk ikkje ro på seg, så han gjekk ei runde for å sjå om alle sov. Det såg ut til at alt var som det skulle i alle telta.
No var det berre eit telt att å sjekke, det var Anne og Line sitt. "Det er sikkert i orden der inne og, men eg kan no sjekke for å vere sikker", tenkte han.
Då han opna døra i teltduken, fekk han nesten sjokk. Kvar var Anne og Line?
Han sette i eit skjerande hyl så alle vakna og kom springande bort. Det var fullt kaos. Til slutt klarde Per og Marit å få orden på dei.
Dei skulle samlast nede ved hamna. Der skulle dei delast i grupper og sendast ut i alle retningar for å leite etter dei to som no var borte.
Då dei kom ned i skogkanten, høyrde dei leven og bråk. Dei storma ned.
"Hendene i veret!" ropa ei stemme som runga over heile hamna.
Anne og Line som enno sat skjulte bak steinane, skvatt til. Dei hadde vorte heilt forskremde då dei såg heile klassen kom stormande. No skjøna dei at smuglarane ville ta dei til fange.
Dei måtte hjelpe resten av klassen! Oppe ved vegen var det ein telefonkiosk. Dei måtte ringe etter politiet, for no såg det stygt ut. Dei lista seg oppover med hjarta i halsen.
I telefonkiosken fann dei fram nummeret til politiet.
"Pengar!" stønna Anne. Dei leita febrilsk i lommene sine. Heldigvis hadde Line ei krone i lomma.
Dei var så oppskjørta at dei klarde nesten ikkje å forklare seg til politibetjenten.
Det var varmt ute, så dei sette seg i veggøfta.

Etter ti minuttar kom politibilane i full fart, men utan sirener. Anne og Line forklarte seg til politiet.
Dei sprang nedover bakkane. Då dei kom ned til hamna, såg dei klassen som satt bundne framfor ein stor stein.
Politiet truga smuglarane inn i politibilane. Dei prøvde å gjere motstand, men det nytta ikkje. Etterpå frigjorde dei klassen.

xxxxx

I retten dagen etter hadde Anne og Line dei viktigaste vitnemåla mot smuglarane. Rekneskapsboka vart det avgjerande beviset.

Til belønning fekk Anne og Line 1000 kroner kvar.
Etter rettssaka skulle dei avslutte skuleturen med eit par dagar til i leiren.

9. KLASSE

I år slepper vi 14 niande-klassingar ut i den store verda. Biletet ovanfor viser 10 av desse på eit tidleg stadium i skule-karriera.

I dei 8 første åra var det Sigrid Bjørg Trædal (biletet til høgre) som var klassestyrar for dei.

På dei neste sidene presenterer 9. klassingane den noverande klassestyraren, og seg sjølve med eit glimt i auga.....



Klassestyrar Leif Alfred Skaar.

Leif kom i ulukka då han måtte vere klasse-styrar for 9. klasse etter at me i 8 år hadde hatt Sigrid Bjørg Trædal til klassestyrar. Tidlegare hadde me Leif berre i matematikk og naturfag, men i år måtte han vere til stades når me hadde klassetime og.
Leif har ein stygg tendens til å rekne i kvar time, noko ikkje alle er heilt med på.
Det nye huset hans har overlevd vinteren og russefeiringa. Me hadde tenkt å hjelpe han med å måle huset, men det er kvitt, så.....
Når Leif vert sint, og han må halde ei preike for oss (ofte), seier han ofte feil, noko som me morar oss svært over.

Fast uttrykk: Hei, baki kroken der! (Og me har merka oss at klasserommet har fire krokar....)

Anne Margrete Alværn.

(Klassens sorte får, eller.....?)
På vårparten '65 kom Anne Margrete til Alværa. Litt seint kanskje, men betre seint enn aldri.
Anne Margrete har utmerka seg med å tyte mykje i timane. Yndlingshobbyen hennar er å sitje på med "Knerten"
Ho er redd for at ho skal bli "vaskekjerring" resten av livet, noko som "gutane" Instefjord vil merke.

Fast uttrykk: Gje deg!
Russenamn: "Gold Wing"
Framtidsdraum: Å bli fotograf.



Arne Bjørkhaug.

Arne er den som gjer minst vesen av seg i klassen, utanom i engelsk. Der set han opp ein slik fart når han skriv at han sit arbeidsledig i minst ein halvtime etterpå.
Arne var den fyrste av gutane som vart "vaksen" i stemma.

Kjenneteikn: Svart hår med krøllar.



Egil Brendsdal.

At Egil enno høyrer på venstre øyra er eit under, for han sit attmed Anne Margrete.
Egil, som er klassens lys, var før stille og roleg i timane, men han er i det siste året forvandla til å bli ein av klassens verste bråkmakarar. Korleis han på slutten av året skal greie å halde på dei gode karakterane er ikkje godt å seie.
Egil sel og kjøper plater i store mengder, både frå inn- og utland. Alltid er det pengar med i spelet med Egil.

Russenamn: Grantreet.

Sverre Grønvold.

Sverre er den eldste i klassen, noko som vi ofte får høyre. Han er frå Norevikane, og der har han visst budd nokre år. Litt miljøskadd er han i og med Egil når det gjeld å lage "opptøyer" i timane.

Fast uttrykk: (Sensurert)
Kjenneteikn: Stones-lips

Ann Kristin Halvorsen.

Ann Kristin er utvilsamt ein av dei rolegaste elevane i klassen og sit som oftast og halvsøv i timane. Men av og til har ho sine utbrudd der ho absolutt ikkje vil vere einig med læraren.
Ofte kan ein høyre knurring frå Ann Kristin når Sverre legg sin elsk på henne.
Om måndagane held Ann Kristin seg i barnehagen der ho likar seg godt.

Framtidsdraum: Å komme seg vekk.



Stig Hovland.

"Stigen", som vi kallar han, er fødd 9. mai '64, og sidan den datoen har det alltid vore mykje liv oppe i Bruhaugen. Han er kjend som klassens klovn og finn ofte på det utrulegaste i timane. Han er ofte svært usamd med dei fleste lærarane. "Stigen" er ein fjerdedel av "Knertane".

Fast uttrykk: Deiiiliiig!
Russenamn: Tiger'n.

Anders Instefjord.

Anders er den som alltid kjem for seint på skulen. Trass alt er han "litt gløgg". Anders er observert på Torvund IL si scoringsliste dei siste åra.
I fritida er Anders som oftast på "Bensen" (og det er han ikkje åleine om).

Fast uttrykk: "Kæ i svartaste granskogjin?"

Einar Kjønås.

Einar er naturleg nok klassens Einar.
Einar er ein av dei som er farlegast å møte på vegen (når han er på sykkel).
Einar går kvar dag i ein evig rus, ukjent grunn.

Fast uttrykk: Hæ??

Oddveig Raasholm.

Oddveig er klassens "lyse hode" som om mandagane ikkje alltid er i verdens beste humør men det kjem seg utover i veka.
Oddveig er den 13. eleven i klassen og det er alltid bråk der ho er. Når ho er sint, kjem det ofte eit assortert utval gloser som lærarane ikkje er glade for. Ho har (ikkje) planar om å gifte seg som kvit brur, og vere ei dugande husmor, eller var det omvendt? Kjem du for nær ho, kan du bli "knerta" (berre spør "Knertane"

Fast uttrykk: Ikkje..(sensur)..... deg
Russenamn: Petra



Geir Solheim.

Geir er i det siste vorten svært populær hjå lærarane etter at han kom 4 minuttar for seint til matteeksamen. Trass i forseinkinga var han den første som forlet klasserommet.
Geir sit fremst, men han er ikkje rolegare av den grunn.

Livrett: Petterøe's 3



Jarle Takvam.

Jarle kom som ei pil inn i 9. klasse og ødela alt som heitte system i klassen. Han har ein stygg (u)vane med å trommmmme på alt han kjem over, noko som sikkert har skaffa mange lærarar nervar.
Men det er eit stor gode med han, og det er at han redda oss frå ulukka: Han vart den 14. eleven i klassen

Livrett: Raoe poteter.

Britt Hildegunn Strandos.

Britt blir ofte observert langt borte frå festlokala om laurdagskveldane. Og det er vel grunnen til at ho ikkje er på skulen om mandagane(?)
Lenge var Britt borte frå skulen, men ho fann nok ut at "borte bra, men skulen best".
Ho har merka at Jarle, den 14. elev, sit bak henne.

Livrett: Raspeballar



Helge Oddvin Systad.

Helge er klassens kommande dokter. Han har store planar om å ta over etter Dr. Dvergsdal. Han har og tenkt å byrje med praksis på "Dalen". Det siste året har Helge tugge i kvar time, noko som vi ofte ser resultat av i den overfyllte bossbytta.
Forstandige Helge tygg sjølvsagt sukkerfri tyggis.

Livrett: Ser ut til å vere altetande.

Tormod Torvund.

Tormod er ein "liten" og snill gut frå Indre Torvund. På grunn av at han sit attmed Anders, skjeglar han litt med det eine auga.
I matte-timane til Skaaren har han dei forunderlegaste diskusjonar med Anders.

Russenamn: Tornerose (fordi han sov så lenge 18. mai).

Valfag

Som dei fleste veit, så har elevane i 8. og 9. klasse ein del timar der dei kan velje kva dei vil arbeide med. Desse "faga" dei då vel vert kalla valfag.
8. klasse har 5 valfagtimar og 9. klasse 8 valfagtimar for veka.
Områda elevane kan velje mellom er mange: Kjøkken, elektronikk, gymnastikk, foto, berre for å nemne nokre.
Sidan dette er ein liten skule, vert tilbodet avgrensa av at det må vere eit visst tal elevar på kvar gruppe for at ho skal verte starta opp.

Nedanfor viser vi to glimt frå den kanskje mest avanserte gruppa, nemleg elektronikk-gruppa.
Elevane har her bygd sin eigen radiomottakar og sitt eige elektroniske orgel.
Lærar for denne gruppa har vore Leif Skaar.



1. og 2. klasse.

1.rekkje frå venstre: Anne Lise Solheim, Gro Helene Engedal, Svein Bjarte Norevik, Trond Strandheim, Jan-Helge Nyland og Roy Ove Røe.

2.rekkje frå venstre: Bjørg Marie Landås, Janne Merete Nygård, Line Nilsen, Gunn-Marit Fauske, Jenny Marie Kvammen, Sølvi-Terese Raa og Inger-Johanne Alværn.

Bak frå venstre: Anders Kjønås, Ingvar Skaar, Leif Erling Avedal, Helge Totland(Klassestyrar), Inge Strandos, Per Terje Engedal, Martin Bjørkhaug, Håkon Bosdal og Jan Helge Hjelmeland.

S.H.

3. OG 4. KLASSE.

Framme frå venstre : Per Terje Engedal, Bjarte Løland, Helge Bosdal, Rune Støldal, Terje Løland, Anne Lise Dvergsdal Tone Brita Instefjord og Monika Avedal.

Bak frå venstre : Roald Fredriksen, Asbjørn Aven, Anita Nygård, Anne Lise Bosdal, Oddny Marie Sørestrand, Roy Fauske, Rune Solheim, Bente Anita Lavik, Kristin Dvergsdal, Marit Hellem og Gerd Åse Bjørkhaug (Klassestyrar)

Vi seier oss leie for at biletet vart teke ein dag då Wenche Stavedal og Laila Norevik ikkje var på skulen.

5. og 6. klasse.

Framme frå venstre : Ingvill Mjellelid, Nina Fredriksen, Linda Hovland, Sven Inge Systad, Vidar Nyland, Leif Magne Solheim, Tage Grønvold og Vidar Fureli.

Bak frå venstre : Bodil Bjørlo (Klassestyrar), Else Jorunn Hellem, Ann Elisabeth Nes, Oddny ~~Marie~~ Grått Landås, Bjørn ~~Nor~~vald Kjønås, Nils Magne Aven, Tore Dvergsdal, Stig Olav Stavedal, Andreas Avsnes og Bjørn Terje Norevik.

S.21

7. KLASSE.

Framme frå wenstre: Oddvar Solheim, Jarl Henning Norevik, Elisabeth Gallefoss, Eva Nyland, Bjørn Strandos og Kjell Normann Mjellelid.
Bak frå venstre: Laila Wærholm, Gunn Marit Norevik, Rune Nyland, Arnt Grønvold, Bernt Olav Fredriksen, Inge Øystein Norevik, Anita Engedal og Geir Ytredal(Klassestyrar).

Innfelt: Klassestyraren for 8. klasse: Nelly Dvergsdal.

Konfirmantane

Bakerste rekkje frå venstre:
Prost Odd Sverre Hove, Inge Geirfinn Vadheim, Ingebjørn Grønvold, Magnar Mjellelid, Henning Norevik, Arild Arntsen, Gunnstein Instefjord.
Fremste rekkje frå venstre.
Wenche Nyland, Liv-Freydis Norevik, Anne Britt Strandos.

9. klassane i Sogn og Fjordane kom opp til skriftleg eksamen i matematikk. Til sorg for nokre, og stor glede for andre. Biletet viser nokre av dei som tykte at å komme opp i matematikk var stor stas. Så me kan kanskje seie.....

Lukke er å komme opp i matematikk.....

Utgjevar av LABU: Lavik barne- og ungdomsskule, 5935 Lavik.
Opplag : 150
Trykk: Økonomitrykk, Postboks 24 Bodø.
Medarbeidarar: Elevar på ungdomsskulen
Kva "LABU-S'en" på framsida står for? Jau: Sommar.

GOD SOMMAR!
/N